
Vår referanse 2021/27404-2
Dato 21.07.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon frå kommuneplan - oppretting av eigendom - gnr 355 bnr 4 - Skjelanger - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 06.07.2021.

Søknaden gjeld dispensasjon frå LNF-føremål for oppretting av eigedom som skal nyttast til bustadhus.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Saksgang

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova § 19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale

Som det vert opplyst i brev frå kommunen så er det gjeve eit førehandstilsegn om utvida bruk av avkøyrsl til fylkesveg 5318 Skjelangervegen. Søkar og tiltakshavar skal ta kontakt med oss når avkøyrsla er opparbeida etter førehandstilsegnet for å kunne få avkøyrsla godkjent.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, har elles ingen merknadar til om det vert gjeve dispensasjon til oppretting av eigedom for bustad.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift